

BOKN

BYGDEBLAD

NR. 10

DESEMBER 1989

ÅRG. 4

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

HEIA BOKN!

Me står no framføre ein ny merkedag i Bokn si historie. Austre Bokn er landfast, og det vil igjen føra til at resten av befolkninga vil få merkbare endringar i reisemønsteret. Etter den siste informasjon frå anleggsleiinga, vil det ikkje verta offisiell åpning av anlegget før ca. midten av januar 1990, men det vil verta åpna for trafikk før jul. Sannsynligvis 22. desember.

Me ser alle at arbeidet i Boknasundet går framover, og dersom framdrifta går etter planane skal øyane våre vera samanknytta i oktober 1990.

I tillegg til den store fordelten dette gir for kommunikasjonen utad, vil det interne samkvem oss Boknarar imellom få nye muligheter.

Det er vel ikkje tvil om at Boknasundet gjennom tidene har skapt vanskar i så måte.

Kva vil så dette nye føra med seg? Ja, det er det vel ingen som kan gi eit fullgodt svar på, men eg trur for min del at det vil opna seg nye muligheter på mange områder.

Bokn vil liggja sentralt til midt i Rogaland. Og vil vera eit godt utgangspunkt for både boligetablering og utadvendt virksomhet.

Men diverre er me no inne i ein periode med pesimisme og liten tiltakslyst blandt folk. Eg trur heller ikkje det er lurt å reka med at det vil koma så mykje nytt av seg sjølv.

Det er difor om å gjera at alle gode krefter vert motivert og mobilisert

i arbeidet for å skapa ny vekst i bygda vår.

Det som me opplever i dag med stadig stor arbeidsløyse er ei ulykke, ikkje berre for dei ledige, men og for heile samfunnet.

Kven skulle trudd at me i det sokalla Olje Norge med dei mulighetene det såg ut for me hadde for nokre år tilbake, skulle oppleva slike tilstandar.

Men lat oss ikkje verta for opptekne med det som er negativt, det veit me greier seg på eiga hand. Lat oss heller heia på kvarandre i det som er posetivt.

I desse dagar vert me dagleg påminna om vanskelege økonomiske tider rundt om i kommunane, med nedskjeringar i dei offentlege ytelsar på alle områder. For vår kommune ser det likevel ut til at me skal unngå nokon dramatik på dette området også neste år. Sjølv om resursene er knappe, vil aktiviteten kunna oppretthaldast på dagens nivå og vel så det.

Sjølvsagt er det fastsatt mange uløyste oppgåver, og som mange meiner skulle vore høgare prioritert, men slik har det vel alltid vore, og slik vil det vel også bli uansett økonomi.

GOD JUL OG EIT AKTIVT NYTT AR
I 1990

Helsing Leif V.

BOKN SKULEKORPS I JUBILEUMSÅRET

Som Boknarane vil være kjent med, ebber 25-årsjubileet snart ut. Vi har hatt et aktivt 1989, og har derfor lyst å fortelle litt om hva vi har drevet med.

Korpset består pr. idag av 23 aktive musikanter, drilltroppen er utvidet til fem drilljenter. Vi har syv spillende støttemedlemmer og rekrutteringen ser lovende ut med syv musikkaspiranter, samte tre aspiranter til drillen. For å hjelpe korpset ved gruppeøvelser har vi seks instruktører.

I høst kom Tove Bente Langvik til Bokn som fritidsleder. Hun har solid bakgrunn fra drillmiljø og var dermed selvskrevet til leder for drillerne våre. Resultatet av hennes arbeide fikk vi oppleve allerede på jubileumsfesten.

Som dirigent dette året må man bare "ta av seg hatten" for arbeidet Jardar har lagt ned på det musikalske plan, og for et utmerket samarbeide mellom han og styret. Torhild Svendsen, korpsleder, står meget sentralt i kulissene hvor hun holder rede på noter, arkiv og ellers det praktiske på øvelser og seminarer.

1989 har ikke vært det store reiseåret for Bokn Skulekorps. Vi har valgt å prøve og høyne det musikalske nivået ut fra hva økonomi-

en tillater oss. Siste uken av juli var endel musikanter på sommerkurs i regi av Rogaland Musikkforbund. Alle som deltok syntes de fikk stort utbytte av kurset, og de hadde det kjekt på Klepp.

For å finansiere kurser/seminarer står Boknafestivalen som en bra inntektskilde, vi får jo tilskudd fra kommunen også, og bingoer/tilstelninger bringer endel i kassen. Når man ser på Bokn Skulekorps idag - 25 år etter starten, forstår nok alle at det kreves en god del inntekt til driften. Alt fra noter, instrumenter, og som før nevnt kurser/seminarer, litt lønninger etc. som koster penger. Vi må vel være enige om at uten korps for ei bygd, er festen borte. Dette bevises med fint fremmøte ved de forskjellige arrangement, og for ikke å forglemme alt frivillig arbeide fra foreldre og bygdefolk.

Etter jubileumskonserteren blir Luciafesten vårt neste store arrangement. Vi regner med at den festen også blir en koselig kveld for bygda.

Vi vil med dette få ønske en riktig god jul og et godt nyttår til alle Boknarar.

Med vennlig hilsen
for styret i Bokn Skulekorps
Solveig

...det er vi som selger

BLINK En fulltreffer
OHUS FORSLAG TIL KJØKKEN-
TEGNING - BYGGESAKSBEHANDLING...

FOR AVTALE PÅ BOKN
RING SOLVEIG GUNDERSEN
TLF. 748501

UTVIK

TRELAST- OG BYGGEFORRETNING
4262 AVALDSNES - TLF. (047) 43 111

1990-BUDSJETTET ER TIL Å LEVA MED

INVESTERINGANE STORT SETT FORE- SLATT I TEKNISK SEKTOR.

Av ein totalsum på 1,4 mill. kr. i investeringar i 1990 er det teknisk sektor som venteleg vil dra avgarde med brorparten - nemleg 1,25 mill. kr. - dersom kommunestyret seier ja til rådmannen sitt framlegg til 1990 budsjett. Investeringane i teknisk etat i 1990 er m.a. veg, vatn og kloakk til bustadfeltet Hålandssjøen (300.000), renseanlegg for Kyrkjebygd Vassverk (320.000), brannvarslingsanlegg (270.000), oljegrus (100.000) og gang/sykkelveg Alvestad-Føresvik (100.000).

Det er ikkje lagt inn investeringar til trygdebustader før i 1991/92, og HVPU-bustad er ikkje oppført p.g.a. uklare økonomiske konsekvensar som fylgje av HVPU-reformen som ennå ikkje er avklara.

Det er i 1990 ført opp 50.000 til planarbeid for ombyggjing av Bokn skule, og 550.000 til ombyggjing i 1991.

Tilretteleggjing av ny kyrkjegard er budsjettert med kr.100.000 i 1990.

Brutto driftsutgifter for 1990 ligg i Bokn kommune på kr.14.900.000. Kapitalutgiftene ligg på kr. 1.388.000. Sum bundne utgifter er såleis kr.16.288.000. Resterande midlar - kr.1.389.000 er foreslått brukt til EDB-utstyr, driftsfinansiering av investeringar og driftstiltak. Bruttobudsjettet har såleis ei ramme på kr.17.677.000.

Når det gjeld kommunen si drift, er det ikkje forutsett nye stillingsheimlar i 1990. Biblioteksjefstillinga er foreslått auka til halv stilling.

Eit forslag frå kulturstyret om løyving av midlar til bygdebokarbeid med kr.100.000 pr. år er ikkje tatt med i budsjettforslaget frå rådmannen.

For første gong er det utarbeidd langtidsbudsjett og handlingsplan for perioden 1990-1993. Desse skal vera retningsgjevande for dei komande åra.

Når det gjeld kommunale avgifter, gebyr og leiger, er desse foreslått auka med 4% frå 1989 til 1990.



BOKN

KOMMUNE

KUNNGJERING

BOKN KOMMUNE

FORSLAG TIL HYTTEPLAN 1990 - 2000

I henhold til plan- og bygningslovens § 20-5 har Bokn bygningsråd vedtatt å legge ut til offentlig ettersyn forslag til hytteplan med tilhørende bestemmelser for perioden 1990 til år 2000.

Planen er utarbeidet som kommunedelplan og omfatter hele kommunen, inklusiv alle småøyer. Kommunens arealer er inndelt i såkalte "ja-områder", "kan-områder" og "nei-områder".

Vilkårene for hyttebygging innenfor hver av sonene fremgår av planbestemmelsene.

Hytteplanen er utlagt til offentlig ettersyn ved teknisk etat i Førsvik. Eventuelle merknader må være sendt Bokn bygningsråd innen den 15. januar 1989. Spørsmål i tilknytning til planen kan rettes til teknisk etat, tlf. 74 85 00.

Bokn bygningsråd

BOKN-PROSJEKTET I RUTE

Prosjektleder ved anleggskontoret for Bokn-prosjektet - Rune Sandven - seier i ein samtale med Bokn Bygdeblad at anlegget er i rute i høve til dei siste planane.

Når det gjeld Ognasund Bru, er den på det næraste ferdig. Det vert nå sett opp eit rekkverk som skal skilja gangveg frå kjørebane. I tillegg er det 250 meter veg på Ognøy kor anleggsbrakkene har stått som må gjerast klar. Ein er avhengig av at det vert lite frost i desember for å få dette ferdig. Tunnelen på Austre Bokn er ferdig. Det er kome lys, og fortau på eine sida. Vidare er det malt eit kvitt felt 2 meter opp i tunnelsida.

Ved avkjørselen til fylkesvegen på Austre Bokn vil det bli sett opp trafikklys for å regulera trafikk- en til ferja på Tåganen.

Rune Sandven reknar med at vegen fram til Austre Bokn kan åpnast rundt den 22. desember.

Når det gjeld brua over Boknasundet er den nå 2-3 veker etter framdriftsplanen, men dette kan ein ta inn seinare.

På vestsida av sundet arbeider ein ennå med fundamentet for søyle. No-ko av dette fundamentet er støyp- t på austsida, og skal setjast på plass av ein stor løftekran.

Støyping av sjølve brua ved søyla på austsida av sundet er nå i gang, og det er alt støyp- t ein del meter både mot aust og vest.

Brua skal vera ferdig 1. oktober 1990.

Anleggsarbeidet på vegen mot Are er nå i gang att.

Ferjekaisystemet på Are skal ut på anbud rundt mars-april. Ein håpar på start av dette anlegget før som- maren 1990.

BUSSFORBINDELSE BOKN - HAUGESUND

Fase 1) 1. januar 1990 frem til Vestre Bokn får broforbindelse.

	Hverdager unntatt lørdag	Lørdag	Søndag
Fra Føresvik	06.30	08.30	17.00
" Austre Bokn	06.45	08.40	17.10
" Susort	07.00	08.52	17.22
" Akسدal	07.24	09.35	18.05
Til Haugesund	07.50	09.55	18.25

	Lørdag	Hverdager unntatt lørdag	Søndag	Fredag
Fra Haugesund	14.15	14.50	18.30	19.15
" Akسدal	14.32	15.07	18.47	19.32
" Susort	15.00D	15.33	20.05D	20.00D
" Austre Bokn	15.10D	15.43*	20.40D	20.10D
Til Føresvik	15.20	15.53	20.50	20.20

* Ferjen venter på bussen.

D) Bussen kjører bare dersom passasjerer eller ilgods.

HAUGALAND BILLAG A/S

BYGDA MI


Du kjære gode Boknabygd
med vatn og lyng
og fjell til rygg.
Her er så mang ei lune havn
for den slitne fiskarmann.

Du kjære gode Bokna-bygd
Med sjø og tare kring,
og friske måkeskrik
For sjel og sinn
det er den beste medisin.

Du kjære gode Bokna-bygd
Med så godt eit rom
for dei som heimatt kom
Langs ditt smale sund
Er tilbud både til gammal
og til ung.

Du kjære gode Bokna-bygd
Med friske pust fra vind og vær
Me kan nok stundom tykkjast
her er både kaldt og vått
Men du, me har det godt.

Du kjære gode bygda mi
Om natta eg ser nokon blink
det er fra eit fyr.
Då så titt mine tankar flyr
Er dette ei løn -
frå våre forfedrears bøn?



Du kjære gode Bokna-bygd
Når du kyststamveien over deg får
Her er mang ein boknar som spår
Med våre forretningar det er slutt
Tenk, heilt til Tysvær berre me
skal ha ein tutt -

Du kjære gode Bokna-bygd
Nå, når me snart ikkje kan kalle
deg øya
Lat oss ikkje deg gløyma
Alle må sjå seg i kring
Og slå om din kultur ein ring

LV

SPARING MED SKATTEFRADRAG

**DEN MEST LØNNSOMME
SPAREFORMEN**



"AUSTRE BOKN BLIR IKKJE SOM FØR"

Det er berre dagar om å gjera før Austre-Boknarane offisielt er knytte til fastlandet. Då må dei som bur på Vestre Bokn ver så god finna seg i å liggja etter kommunikasjonsmessig sett fram til oktober 1990.

Bokn Bygdeblad har snakka med Sigvart Våga om kva tankar han har om dette.

Kva tankar gjer du deg nå når den nye fine vegen og bruene snart skal opnast for trafikk?

Tankane er mange dei, og går litt i begge retningar. Vert det berre goder? Eller vil me mista noko?

Sjølv om me her på Austre Bokn snart kan setja oss i bilen eller bussen og køyra til Tysvær og fastlandet når me vil, er det nå brua over Boknasundet me i tillegg ventar på. Me må vera glad for at den brua og er med i hovudplanen for heile prosjektet.

Sidan me har skule, kyrkje og off. kontor på Vestre Bokn, blir det mykje enklare å koma til og frå når me kan køyra over Boknasundet.

Alle aktivitetar og møter som går føre seg om ettermiddagen og kvelden for barn, ungdom og vaksne vil jo me her på Austre Bokn og kunna delta i utan å ha problem med å koma oss heim.

Elles blir jo bedehuset for heile kommunen på Austre Bokn, og det håper me vil gi betre kontakt mellom øyane den andre vegen.


Når eg tenkjer på den utviklinga me har hatt, må eg vel seia at for oss i jordbruket kom den største forandringen til det betre då me fekk ferjestøa på kaien. Når bilar kunne henta og bringa kva det måtte vera, så som melk, dyr og alle slag varer. Sjøtransport har jo alltid vore meir usikker på grunn av endringar i rutetider, forseinkingar og værforhold. Men nå når vegen er komen, ligg den der og kan nyttast kva tid det måtte passa oss.

Ferjeturen til Kopervik kjem me heilt sikkert til å sakna, då kunne me treffa på og få prata med sambygdingar me sjelden elles møter. Sjølv om det kjem til å bli store forandringar har eg inntrykk av at folk har lett for å overdriva. Bokn blir for oss den same bygda som før, forskjellen blir at nå skal me køyra gjennom Tysvær for å koma til

Haugesund og vidare, før måtte me ta ferja til Kopervik, og så kunne bilturen starta enten det var nord-sør- eller vestover.

Alle samfunn enten dei er store eller små er i stadig utvikling, og me må vera glad for endringar som gjer det lettare og betre for oss på alle måtar. Sidan Bokn nå ligg midt i leia og me kom til å få dette svære veg- og bruprojektet gjennom bygda vår, vil eg vona me får mange goder av det i åra som kjem.

I.V.



TV-aksjonen-89

Det kom inn kr.28.367,- ved TV-aksjonen 1989. Det er kr.38,30 pr. innbyggjar.

I 1988 kom det inn kr.40,60 pr. innbyggjar, slik at frå 1988 til 1989 var det ein nedgang på kr. 2,30 pr. innbyggjar.

Innsamlingskomiteen synes likevel at resultatet er strålende, og takkar alle som har vore med i arbeidet, og alle som har gitt. Neste år er det Redd Barna som skal stå for TV-aksjonen.

BIBLIOTEKET

OPNINGSTIDER:
TIRSDAG: 10-13
TORSDAG: 16-19




LESETIPS FOR JULEHELGA OG NYÅRET

VAKSNE

- *Johansen, Jan Otto:
Amerika rundt.
- *Steen, Reiulf:
Maktkamp.
- *Smith, W.:
Solfuglen.
- *Heyerdahl, T.:
Eventyret og livsverket.
- *Daniken:
Sfinksens øyne.
- *Johansen, Viggo:
Edderkoppen.

BARN OG UNGDOM

- *Haugen, Tormod:
Skriket fra jungelen
- *Hartveit, Karl M.:
Stjernesønnen.
- *Børresen, B.Kr.:
Fullt kjøer i 6b.
- *Hill:
Tassen får en søster.
- *Bergstrøm, Gunilla:
Hva sa pappa Albert Åberg.




BARNETIME

TORSDAG 21. DESEMBER
KL. 17.00 YNSKJER
BIBLIOTEKET BARN
FRÅ 3 ÅR VELKOMNE
TIL BARNETIME.

KONKURRANSAR BARNEBOKAKSJONEN

DEI TRE SOM FÅR BOKPREMIE ER:
BERNT HELGE OLAUSSEN
ANJA ALVESTAD
EILIN HOGNALAND

GOD JUL OG GODT NYTT ÅR !



NYE SKULETIDER 1990.

I dag begynner me på skulen seinare enn andre skular.

Det er pga. ferjeruta.

Etter jul blir det andre ruter, og me får begynne tidligare.

Rutene blir då: Frå austre Bokn kl.8.05. For dei som begynner seinare, går ferja kl.9.35 frå austre Bokn, og heim igjen etter skuleslutt går ferja kl.14.00.

Den ventar på alle og passer på og få alle med seg.

Skulen begynner kl.8.25 og sluttar kl.13.50.

Det blir mindre friminutt, men dagen blir kortare.

Dei nye bussrutene er ikkje satt opp ennå!



SPEIDAR PÅ BOKN!!!

Det har i år starta speidar på Bokn. Den blei starta av Leiv Våga og Finn Bårdsen. Dei lærar nå opp patruljeførarar frå 7.8.9. klasse.

Det du gjør i ein speidar og kva det går ut på er:

Å dra på turar og leirar i hytte og telt.

Å lære og klare seg sjølv.

Å oppleve naturen til alle årstider.

Å oppleve vennskap og samarbeid mellom store og små.

Å vere med i eit kristent fellesskap.

Å bli kjent med born i andre land.

Til sommeren blir det speidar for dei som går i 4.5 og 6 kl. og til høsten blir det for dei som går i 1.2 og 3 kl.

Speideren er på Austre Bokn.

Dei forskjellige gruppene

heiter: 1.2. og 3 kl heiter

ulvunge. 4.5. og 6 kl. heiter:

Speidar. 7.8. og 9 kl. heiter:

Rover.

INTERNATIONAL VEKE

1-9 kl. har hatt internasjonal veke.

1-3 kl. laga mat ifrå andre land. 4-6 kl. hadde om musikk og kulturar ifrå andre land.

Me hadde og om innvandring.

7-9 kl. hadde om Sør-Amerika og spesielt om Peru. Dei

avslutta med Operasjon Dagsverk. (Pengane gjekk denne gong til arbeidslaus ungdom i Peru.)

Torsdag 26/10-89 fekk 4-6kl. besøk.

Rita Lindanger, Else Nilsen, Marieke Alvestad og Juan

Vila kom for å fortelja oss om korleis det var å koma til

Noreg. Dei snakka og om forskjellen på deira eige land og Noreg.

Dei fortalde om skulen i deira eige land. Me spurte om dei kunne morsmålet sitt, og det kunne dei. Den einaste me forsto var Else Nilsen for ho er dansk.

Me vil gjennom bygdabladet takka dei for at dei kom og besøkte oss.


Det var kjempekjekt!

Sidene frå skulen er denne gong laga av Marie, Astrid, Bianca, Lene, Bernt Helge, Johnny, Nannette, John og Magnar.

BARNE SIDE

Kva tyder desse teikningane?

Finn dei 12 månadane:



VITSAR.

Kva gjer glassmeisteren, når han ikkje har glass?

Han drikk av flaska.

Fer: kvifor skriver du så seint, mor?


Mor: det er for at bestemor les så seint.

S	T	Ø	T	U	Q	C	A	B	F	H	J	O
E	J	U	L	D	L	Ø	Å	E	Ø	I	F	K
A	A	V	H	O	P	M	D	E	S	E	M	N
D	Q	M	A	R	S	E	P	T	E	M	B	E
R	E	A	P	R	I	L	O	U	T	F	S	E
J	H	S	R	M	L	A	K	L	K	E	O	O
O	U	V	E	H	A	I	T	M	F	B	S	O
L	S	U	T	M	F	U	O	G	J	R	M	T
G	G	S	I	A	B	L	B	Q	A	U	U	O
G	Q	R	T	S	O	E	E	R	U	A	P	S
U	O	V	E	M	B	E	R	Q	U	R	Q	R
H	L	T	U	H	O	F	S	R	A	P	C	K
O	A	U	G	U	S	T	F	S	R	I	U	K
L	S	E	P	T	E	M	B	E	R	A	B	D

Løysning på kryssord: Bokn skule.

TROLLHELLAREN!

Trollhellaren ligg i nærleiken av Vågasjøen. Det budde folk der for mangen tusen år sidan. Då hadde dei ikkje hus, så dei budde i holer. Det er og mange utgangar i hola. Det er veldig mørkt i hola, difor er det lurt å ha med seg lommelykt. Det går an å krypa rett igjennom hola. Arkeologar har funne dyreknoklar, fiskebein og brukskunst. Holene er både små og store. Dei har og funne eit bronsesverd. Det er ca. 3300 år gammalt. Det budde ikkje bare folk der i bronsealderen, men også i andre periodar både før og etter. Både 4-5kl. har vore der på skuletur.



STADNAMN I BOKN

BORGENVIK

I Borgenvik (uttala "Bårnevik") nær skiftet med Gunnarstad og Trosnavåg let bøndene på Boknaberg Ola Johnsen og kona Guri slå seg ned som husmannsfolk på slutten av 1700-talet. Oppgåva deira var å sjå til at ikkje bøndene på Trosnavåg og Gunnarstad tok seg til rettes i Boknaberg si mark. Busetnaden her er såleis ikkje av sørleg gammal dato. Namnet er det same som me finn i Nedstrand nær Espevik og kjem av det gammalnorske "Borgnyjarvik" som tyder "Borgnys vik".

ALVESTAD

Alvestad var frå gammalt av dei mellomstore gardane i Bokn og blei etter landskylda verdsett til mindre enn helvta av Boknaberg. Namnet trur ein har opphav i folkevandringstida ca. 400-550 e.Kr., men det kan også vera noko eldre.

Garden var i drift gjennom høgmellomalderen og blei så kalla "Olvirstadir". Det tyder staden til Olvir. Kanskje var det denne Olvir som ein gong for opp mot tusen år sidan flytta frå Boknaberg for å busetja seg her.

Og garden var såpass god at han ikkje blei fråflytta i samband med Svartedauden. Av dei tri bruka me trur fanst her før 1349, blei likevel to lagde øyde. Elling som budde på Alvestad kring 1520 rekna seg som ein rimeleg velstående mann. I løpet av 1600-talet fekk garden på ny tri bønder, eit tal som auka til fire kring 1800.

Særmerkt for denne garden, er at han var den største som var i full bondeei. Men fyrst på 1600-talet var bare helvta i sjølveige, resten hørde til utanbygds bønder. Dessutan var Alvestadkroken ei viktig hamn: "Ligger well meget Vdj Alfahr Weig" heitte det i 1668.

Alt kring 1670 slo det seg ned ein husmann i Alvestadkroken som mellom anna livnærde seg av å yta ymse tenester til dei sjøfarande. Dette var såleis mellom dei eldste plassane i kommunen.

HÅLAND

blei på 16- og 1700-talet rekna som ein mest jamgod gard med Alvestad både etter produksjon og landskyld. Og me trur at garden blei skilt ut frå Boknaberg om lag på same tida, det vil seia for kring eit par tusen år sidan. Namnet fekk han nok òg på den tida. Det tydet "landet som ligg høgt" - det vil seia høgt i høve til Boknaberg.

Garden blei tidleg, kanskje alt i 1125, lagt under biskopen i Stavanger. Men då det blei oppretta katedralskule ved kyrkja der, gav biskopen halve garden til løn til lektoren ved skulen. Og slik heldt eigedomstilhøva seg sidan heilt inn på 1800-talet.

I høgmellomalderen levde tri familiar på garden. Men i samband med Svartedauden forsvann to slik at det bare var ein bonde som heldt fram drifta. På 1600-talet blei eit bruk til sett i drift og i løpet av 1700-talet endå eitt.

Birger Lindanger

INGVAR MOE SAMLA BRA MED FOLK

Den 16. november var forfattaren Ingvar Moe på Bokn. Han hadde 2 timar med 70 skuleelevar på dagtid. Seinare hadde han barnetime for over 50 store og små, og om kvelden eit arrangement kor 35 vaksne møtte opp.

Alt i alt ein travel dag for forfattaren som sa seg svært godt nøgd med dagen. Vonleg gjeld også dette publikum, som i alle fall viste interesse ved å møte fram i så stor grad som dette, tilsaman over 150 på alle arrangementa.

Julelukter og juleduft

På mandagen lukter det skureklut og støvsugerlukt og såpe og lut.

På tirsdagen lukter det rene gardiner og poser med nøtter og appelsiner.

På onsdagen lukter det ribbe og rull. Nå skal her kokes, så fryser'n blir full!

På torsdagen lukter det pepperkaker, for nå er det pappa og vi som baker!

På fredagen lukter det juletre, for nå er det kjøpt inn, og vi var med.

På lørdagen lukter det hjortetakker og brevlakk fra noen som pakker pakker.

På søndagen lukter det adventskrans når lysene tennes i all sin glans.

Nå lukter det jul helt ute på trammen av alle slags julelukter til sammen.

«Her lukter det jul!» roper barna glad. «Det er juleduft,» sier mormor da.

Og så kan vår julekveld bare komme. Snart, snart er venting og julestrev omme!

Jo Tenfjord

KUNNGJERING

I forbindelse med planlegging og gjennomføring av flere omfattende studieprosjekter for rørledningstransport på norsk sokkel vil Statoil i tidsrommet desember 1989 - mars 1990 gjennomføre trasèundersøkelser mellom Boknafjorden og Kårstø. Undersøkelsene vil blant annet omfatte ilandføringsmulighet for rørledninger på Vestre Bokn, rørledningstrasè over Vestre Bokn, Austre Bokn og Ognøy, kryssing av Boknasundet, Ognasundet og Frekasundet.

RØDE KORS

Har du sett på TV den senere tid, har du sikkert lagt merke til at Røde Kors, på landsbasis, har begynt med omsorgstjeneste - noe nytt. Fra før av var det besøks-tjeneste.

Vi i Røde Kors starter med kurs i januar, og håper på stor oppslutning.

Der er mange måter å nå ut til ensomme på, mange måter å hjelpe på. Er du interessert kan du henvende deg til Else på sykestua. Om du melder deg på - til kurset - er du ikke forpliktet til å gå med i besøkstjenesten, men jo flere vi blir, dess bedre hjelp og mindre arbeide for den enkelte.

Else



B

ARRANGEMENT I DESEMBER

sønd. 10.12: Luciafest
tirs. 19.12: Årsmøte i idrettslaget
fred. 5.01: Juletreffest
v/frelsesarmèen
fred. 12.01: Bingo. Arr.: Bokn Brass
lørd. 20.01: Dans. Arr.: Skyttarlaget
fred. 2.02: Bingo. Arr.: Skulekorpset

Diskoteket: 16. desember

AUSTRE BOKN

fred. 22.12: Julefest, kl. 18.00:
Arr.: Klubben/søndagsskulen
tors. 28.12: Juletreffest
v/frelsesarmèen

AURORA a.s
kiosk-video

Mange gode
julegavetips
for store og små
på Aurora

JONNE/HILDE

TIL SALGS

Har for salg teppevaskar og
teppebankar til Elektrolux støv-
sugar. Tepevaskaren brukt 1 gong.
Halv pris.

tlf. 74 85 50

HELSESTASJONEN
Er stengd tirsdag 12. des.

FOTPLEIE

Mandag den 8. januar 1990.
Påmelding til sosialkontoret.



BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

ENDELIG, AUSTRE - BOKNERE !!

JULETRÆR TIL SALGS

I år kan du få juletreet levert på
døra - fritt tilkjørt.
Har du juletre foten klar, kan vi
hjelpe deg å sette treet på om du
ønsker det.

Store trær: Kr. 150,- pr. stk.
Mindre trær: Kr. 100,- pr. stk.
Leveres i juleuka.

For bestilling kan du ringe sjuke-
stova: Tlf. 748500 eller John Magne
Lie, tlf. 748554.

Bokn Røde Kors

Nå slipper dere å vente lenger, i alle fall dere
damer over 13 år. Bruene gjør at muligheten for
å være med i BOKN DAMEKOR fra januar 1990 er til
stede !

Det ferske koret har allerede hatt sin første
opptreden, og resultatet lovet godt for videre
arbeid framover.

Men vi trenger dere fra Austre - Bokn for at
koret skal bli enda større med en fyldigere
klang. Det nærmer seg 30 medlemmer nå, men
det er plass til mange flere !

TIRSDAG 9. JANUAR KL. 19.30 - 21.00 begynner
vi med å øve inn nytt repertoar til våren.

HJERTELIG VELKOMMEN !!!!!!!

Jordan